



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Referat

AU-møte 3-2020 – 09.11.2020

Sted: TEAMS (16:00 – 17:10)

Til stades:

AU:

Per Dag Hole (PDH)
Kristin Hille Valla (KHV)
John Olsen (JO)

Andre:

Egil Mikkelsen (EM)

Sekretær:

Trond Stensby (TS).

Saker:

PDH la fram til drøfting:

1. Strategi for vidare arbeid mot avgjerda i Klima- og miljødepartementet.

1. Strategi for vidare arbeid mot avgjerda i Klima- og miljødepartementet

PDH

- Har vært i kontakt med Arne Sandnes Bedt om råd og erfaringer fra arbeidet med Vestnorske fjordlandskap og prosessen i Geiranger.
- Aktuelle politiske kontakter må bli gjort kjent med vårt prosjekt – bygge opp ein presentasjon.
- Kva av innhaldet frå ICOMOS-rapporten kan vi bruke?
- Ola Elvestuen er ein sentral døråpnar til departementet.
- Begynne med ein samtale med han.
- Vise den politiske gevinsten, statusen ved å engasjere seg i prosjektet.
- Finne dei rette personane, bygge eit et lag i tillegg til oss sjølve, som kan vera bodberarar for «Villreinfangsten som verdensarv». Slik at prosjekt får skyvekraft mot den endelige avgjerda i departementet.
- PDH kontakter Hanne Velure, Bengt Fasteraune og Arne Sandes
- RA planlegger å sende over sitt brev i fyrste halvdel av november. Vil vera unntake offentlegheit.
- PDH tek kontakt med RA v. Jostein Løvdahl, og spør om framdrift i saka.

EM

- Det er eit stort felt. Vanskeleg å veta i kva for retning ein skal spisse bodskapen når vi ikkje veit innhaldet i brevet frå RA.
- Fokuset på næringsutvikling er ikkje originalt for vårt prosjekt.
- EM er åpen for å kunne møte Synnøve Vindsrygg i Oslo, for ei erfaringsutveksling ogrådslaging.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

JO

- I fasen vi står ovenfor er det ikkje det faglege i ICOMOS-rapporten ein bør legge størst vekt på, men heller synleggjera den store betydningen prosjektet vil ha for lokalsamfunna, for å sikre busetting m.m.
- På førehand knytte kontaktar som kan påverke statsråden. Når brevet frå RA blir kjent vil det vera for seint å etablere dei rette kontaktane.
- Kontaktpersonar må «tenne» på prosjektet, i tillegg til det faglege innhaldet.
- Miljødirektoratet jobbet i den tida internt for statusen til Vestnorske Fjordlandskap.
- Deadline vil nok vera februar/mars 2021 – før Stortingsvalet 2021.
- JO vil ta ein ny kontakt med Synnøve Vindsrygg.

KHV

- KHV har vært i kontakt med
 - Innlandet fylkeskommune v. fylkesvaraordførar Aud Hove. Hove sit også i to nasjonalparkstyre, og er ein profilert politikar frå Innlandet. Ho viser stor interesse for «Villreinfangsten som verdensarv».
 - Ola Elvestuen, som også er positiv. Vil vera ein viktig kontakt inn mot statsråden, for å førebu eit møte med han. Har etterlyst kortfatta informasjon. KHV vil sende han vårt notat om Vilreinnfangsten og vernet av Hjerkinn skytefelt, og Egil sin oversetting av sammendraget av ICOMOS-rapporten.
- Viktig også å knyte kontaktar til aktuelle politikarar FRP og Høgre.
- Regjeringen er interessert å rydde i tentativ liste.
- Interessant å veta korleis Miljødirektoratet har uttalt seg...

Videre oppfølging

- Den enkelte tek ulike kontaktar som omtalt ovanfor.
- Ha hyppige møter i AU for å halde trykk i arbeidet med strategi og kontaktnett.
- TS deler dei to dokumenta med KHV.
- Informere styret om at det blir arbeidd med strategi og kontaktnett. Dele notat om villreinfangsten og naturrestaurering. Nytt styremøte på eit tidspunkt før eit møte med departementet.
- Neste møte i AU, mandag 23.11.20, kl. 16:00 – 17:00.

Vågå, 09.11.20

Trond Stensby

Ref.